



# Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) - [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Foto: Roald Bertelsen

## KUNNGJERINGAR

### SOMMAROPNING

#### Resepsjonen på rådhuset

I tidsrommet 23.06 til og med 15.08 er opningstida i resepsjonen på rådhuset frå kl. 09:00 til kl. 15:00.

#### Frekhaug legesenter

Frekhaug legesenter har vanlege opningstider gjennom sommaren. Det vil vere redusert kapasitet under ferie-avvikling.

#### Helsenaustet legepraksis

Helsenaustet legepraksis held stengd i veke 29. Pasientar kan då vende seg til Frekhaug legesenter.

#### Jordmor heim ordninga

Jordmor heim ordninga er stengd i veke 28 og 29. Ved behov for oppfølging av nyfødde, ta kontakt med fastlege eller helsestasjonen.

### TENESTEOMRÅDE KULTUR

#### Turgåarar til Håøya:

Vi vil oppmode publikum til å vise omsyn til drifta hos Norbetong på Flatøy når ein skal på tur til Håøya. Alternativ sti på dagtid til høgje for parkeringa, eller til venstre for blandeverket via Skitnevika. Vi forbereder merking og informasjonstiltak rundt dette i tida framover.

#### Meland bibliotek:

Sommarles 2014 er i gang! Les bøker i sommar og ver med på trekning av fine premiar, dei som les ti bøker får ein liten ekstra premie. Ta kontakt med biblioteket for å hente lesepass. Du kan vere med på Sommarles fram til 31. august.

Opningstider frå 16.6 t.o.m 15.8:

Måndag kl.14.30 – 19.00

Tysdag kl.10.00 – 14.00

Torsdag kl.14.30 – 19.00

Rosslund avdeling har stengt i skulen sin sommarferie.

#### Meland kulturskule:

Utdeling av Drømmestipendet 2014 18. juni kl. 17.00 i Kommunestyremøtet, Leirdalen.

Det vert utstilling av arbeida til vinnaren på Galleri Rustica fredag 20. juni kl. 19.00, utstillinga kan og sjåast laurdag 21. og søndag 22. juni frå kl.12.00 – 16.00.

Utstillinga vert opna av ordførar Nils Marton Aadland.

Det er gratis inngang og utstillinga er open for alle.

#### Barneverntenesta

##### STØTTEKONTAKT

Barneverntenesta i Meland kommune søker støttekontakt til gut på 10 år. Oppdraget består i å vere ein positiv rollemodell og å vere saman med guten på ulike aktivitetar. Oppdraget er inntil 6 timar pr veke. Guten er positiv, allsidig i interessene og lett å like.

Ta kontakt med Siv Merethe F. Midtgård på telefon 56 17 11 40 for meir informasjon. For alle oppdrag i barneverntenesta vert politiattest krevd ved kontrakt.

#### BESØKSHEIM

Vi søker besøksheim til ei jente på 11 år ei helg pr månad. Dette er ei sjølvstendig jente med sans for uteaktivitetar, vener, sang og musikk. Heimen vi søker kan bestå av ein eller fleire vaksne, men eventuelle barn bør helst vera noko yngre. Den/dei vaksne må vere stabile og trygge med tid og engasjement for barn med særskilde behov. Besøksheimen vil verte løna etter KS sine satsar for arbeids- og utgiftsgodtgjerdslø. Det vert krevd uttømmende politiattest for alle i husstanden over 18 år. Ta kontakt med Bodil Svendsen på telefon: 56 17 11 40 for meir informasjon.

#### Planmelding 03/2014

##### 1. Høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel

Formannskapet har i møte 04.06.2014, sak 49/2014 godkjend framlegg til revidert arealplan for Meland kommune for utlegging til offentleg ettersyn og høyring, jf plan- og bygningslova § 11-14:

##### Kommuneplanens arealdel 2014 – planID 1256 201, arkivID 14/458

Framlegget byggjer på dei føringane som er gjeve i kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Meland kommune. Plandokumentet omfattar kart, føresegnar, konsekvensutgreiing m.m. Arealplanen femner om både land- og sjøareal og gjev rammer for utnytting, bruk og vern. Opne møte vil bli holdt i slutten av høyringsperioden og vert annonsert ved eiga kunngjering. **Høyringsperioden er frå 01.07 til 01.10.2014.**

##### 2. Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan

Utval for drift og utvikling har godkjend følgjande framlegg til plan for offentleg ettersyn og høyring, jf plan- og bygningslova § 12-10:

##### Bergotunet (detaljplan) - planID 1256 2011 0002, arkivID 14/2011

Detaljregulering av o.a. butikk, bustad og trafikkareal på Vikebø/Rosslund. Etter offentleg ettersyn er det gjort endringar knytt til trafikkareala med eit slikt omfang at det er naudsynt med nytt, men begrensa offentleg ettersyn. Berørte partar vert direkte varsla.

E39 over Flatøy (detaljplan) - Endring – planID 1256 2011 0007, arkivID 14/1277

Planen skildrar og legg til rette for etablering av midtdelar på E39 over heile Flatøy. Knytt til dette tiltaket ligg mellom anna areal for grunnavstøing, deponering, støyvurdering og utforming av avkøyrslø. Endringa legg til rette for eit noko større areal for omkøyringsveg og riggområde. Endringa er mindre og berørte partar vert direkte varsla.

##### Høyringsperiode

Framlegg til planane **Bergotunet og E39 over Flatøy** er utlagt til offentleg ettersyn i **perioden frå 18.06 til og med 15.08.2014.**

##### 3. Eigengodkjenning av plan

Meland kommunestyre har i møte 09.04.2014, sak 25/2014 gjort vedtak om godkjenning av følgjande

reguleringsplan, jf plan- og bygningslova § 12-12:

##### Områdeplan for Frekhaug - planID 1256 2010 0004, arkivID 14/1181

Målet med planen er å styrke og vidareutvikle Frekhaug som kommunesenter og legg til rette for sentrumsutvikling.

##### Verknad av vedteken plan

Godkjend reguleringsplan er, etter pbl § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innafor planområdet, jf pbl § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, herunder bruksendring etter § 31-2, jf og § 1-6, 2. ledd, må ikkje vere i strid med planens arealføremål eller føresegnar. Planen er styrande for avgjerd av søknad om tillatelse eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokst. a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

Krav om erstatning i medhald av pbl § 15-3 og krav om innløyning etter § 15-2, må vere framsett seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

Godkjenninga av planen kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf pbl §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er 30 dagar frå kunngjeringsdato. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune.

##### Tilgjengeleg plandokument og arkiv

Ein finn planane lagt ut i resepsjonen på rådhuset eller i digitalt planarkiv. Offentlege partar, organisasjonar og grunneigarar som er berørt vert varsla særskilt.

Planane er og tilgjengeleg i digitalt planarkiv. Ein finn link til BRAPLAN på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) - velg Meland kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

**Skriftlege merknader i alle plansaker** sendast til Meland kommune, Tenesteområde for Plan, utbygging og kommunalteknikk, Pb. 79, 5906 Frekhaug eller [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

## LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune nyttar elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under ledige stillingar.

#### Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

##### Meland kommune treng:

###### SAGSTAD SKULE:

Vernepleiar – 50% fast stilling

###### GRASDAL SKULE:

Assistent – 50% fast stilling

**Søknadsfrist 29.06.14**

##### KULTUR

Bibliotekar – 50% fast stilling

##### MELAND HEIMETENESTE

Sjukepleiar – 85% fast stilling

Avlaster – 37,24% fast stilling

**Søknadsfrist 06.07.14**

**Sjå fullstendig utlysingstekst på kommunen sine nettsider: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)**



## OPNE MØTE juni 2014

	Dato	Kl.	Møtestad
Kommunestyret	Onsdag 18.06	17.00	Klubbhuset til Nordre Holsnøy Idrettslag

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommunelova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettside [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)